

Årsmelding for 2023

Friends of Samaritan Technical Secondary School, Tarime

I 2023 har desse vore i styret:

Torgny Steinskog (leiar), Bjørg Dyrstad Salvesen (nestleiar), Trond Magne Aune (styremedlem) Solveig Steinskog (styremedlem), Randi Lohndal Frestad (skrivar) Jorunn Haugen (kasserar og 1. vara) og Martin Risøy (2. vara).

Det har vore 2 styremøte, begge digitale, 5. juni og 12. desember.

Årsmøtet var den 16. august, også det digitalt.

Skolen:

1. Det er laga ikring 45.000 beleggingsstein som er lagde på skoletomta.
2. Heile klinikkbygget har fått nytt bølgeblekktak.
3. Andre halvdel av andre etasje av jenteinternatet er gjort ferdig.
 - Golva i alle romma, terrassen og trappenedgangen er slipte ned og pussa.
 - Romma er sparkla og måla.
 - Toaletta og verandaen er sparkla og måla.
 - Trappenedgangane er sparkla og måla.
 - Det er laga og monterte dører på internatromma og toaletta.
 - Alle vindauge har fått montert myggnetting.
 - Det er lagt fliser på toaletta.
 - 162 madrassar er kjøpte.
 - 113 bøker er også kjøpte inn.
4. Klinikken har fått nye benkar.
5. Det har blitt bygt vidare på føde- og barselklinikken.

Vindauge og utvendige dører er laga og monterte.

Veggane har blitt pussa både utvendig og innvendig.

Material er kjøpte inn for å montere sealing innvendig.
6. Administrasjonsbygget har fått nytt kloakksystem, og det er gjort noko vedlikehald på jenteinternatet
7. For å få bort vatnet framfor føde- og barselsavdelinga er det laga eit dreneringssystem.
8. Det er kutta greiner på tre på tomta.
9. Muren ved mølla er reparert.
10. Jern er kjøpt inn, og det er laga 21 køysenger til jenteinternatet.
11. Myggnetting som var øydelagt på vindauga, er skifta ut både på jente- og guteinternatet.
12. Bak vaktbua er det laga plen og planta blomar.

13. Ut mot gata ved lærarbustadane er det laga og montert ny port.
14. Ved årsskiftet 2023/2024 er det lagt til rette for at 76 elevar blir støtta frå Noreg.
15. 19 ungdommar som tidlegare har vore elevar ved skolen i Tarime, blir støtta til vidare utdanning ved ein annan utdanningsinstitusjon.
16. Utifrå eksamensresultata hausten 2023 er skolen nr. 1 av 15 andre i Tarime Distrikt,
... nr. 12 av 196 andre i Mara fylke.
... nr. 425 av 5033 i Tanzania.
17. Kjøp av medisinar til klinikken er støtta.

Skolen har hatt aukande elevtal etter nedgang i 2022:

2020: 200 elevar; 2021: 209 elevar; 2022: 164 elevar; 2023: 204 elevar

Solveig og Torgny Steinskog følgjer opp skolen i Tarime og Maridalen med å arbeide når dei er der to gonger i året med to månader kvar gong.

Årsskiftet 2023/2024: 257 elevar.

Kyrkjelydane

Solveig og Torgny Steinskog har teke del i og følgt opp evangelistane i dei ulike kyrkjelydane i Maradalen. Dei vitjar ti lokale kyrkjelydar saman med evangeliseringssekretær Evans Shango.

NYABANOSI, den nyaste kyrkjelyden

- a) Grunnmuren er ferdig. No skal arbeidet med kyrkhuset halde fram.
- b) Det er kjøpt til nokre mål jord der to/tre hytter også blei med på kjøpet då kyrkjetomta blei utvida.
- c) Det er målt opp og planlagt utedo til kyrkja.

KEMBWI

- a) Kyrkjeveggane er reparerte.
- b) Utedoen er reparert.

MTANA

Marknaden er besøkt kvar veke for å selje Biblar og kristen litteratur.

Foreininga har også gjeve diakonal støtte til enkeltmenneske (økonomisk).

Økonomi

Foreininga har 84 gjevarar som til saman har gjeve 892.000 NOK til å støtte elevar. Minst 150.000, - av desse kjem til å bli trekt frå. Maksimum frådrag blei sett ned til kr 25.000 i 2022 (frå 50.000).

Foreininga har i totalt samla inn **1.047.527 NOK i 2023** (i 2022 var tilsvarande sum

1.107.884) til arbeidet vårt i Tanzania. Av dette er **328.487 NOK** (2022: 300.377) samla inn til skolebygging og **719.040 NOK** (2022: 807.507) er samla inn til evangeliseringsarbeidet.

Det blei sendt kr 1,019.231 til arbeidet som blei fordelt slik: kr 306.948 til skolebygging og 712.283 til evangelisering. (2022: 318.414) til skolebygging og 712.283 NOK (2022: 820 955) til evangeliseringsarbeidet.

Av midla til evangeliseringsarbeidet er **474.505 NOK** (2022: 421.268) øyremerkte middel til betaling for skoleplass for elevar ved skolen.

Me har igjen klart å halde administrasjonskostnadene til foreininga i Noreg på eit minimum, for 2023 er dette **22.555 NOK** (2022: 15.841), der det meste går til autorisert revisjon av rekneskap og verksemd. Revisjonen er ein føresetnad for medlemskap i Innsamlingskontrollen og godkjenninga me har hos Skatteetaten for skattefrådrag for gåver.

Styret



Elektronisk signatur

Signert av	Dato og tid (UTC+01:00) Central European Time (Berlin)
Frestad, Randi Lohndal Norwegian BankID	04/18/2024 09:28:15
Steinskog, Torgny Norwegian BankID	04/18/2024 11:56:52
Steinskog, Solveig Synnøve Norwegian BankID	04/18/2024 12:01:10
Aune, Trond Magne Norwegian BankID	04/18/2024 18:22:32
Haugen, Jorunn Andbjørg Norwegian BankID	04/24/2024 13:58:16
Salvesen, Bjørg Tordis Kjellaug Dyrstad Norwegian BankID	04/30/2024 12:03:25

Dette dokumentet er signert med elektronisk signatur. En elektronisk signatur er juridisk forpliktende på samme måte som en håndskrevet signatur på papir. Denne siden er lagt til dokumentet for å vise grunnleggende informasjon om signaturen(e), og på de foregående sidene kan du lese dokumentet som er signert. Vedlagt finnes også en PDF med signatordetaljer, og en XML-fil med innholdet i den elektroniske signaturen(e). Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten av dokumentets signatur ved behov.